



Kinn kommune

# Politisk organisering og delegering

## Vedtak 087/23

# **Politisk organisering og delegering**

## **Dokumentet har fire delar:**

Del 1: Prinsipp for politisk organisering

Del 2: Politiske organ - medlemmer, arbeidsområde, sakshandsaming og delegering

Del 3: Ordføraren

Del 4: Kommunedirektøren

Del 5: Mynde knytt til særskilde roller

Vedtatt i kommunestyret 13.06.2024, sak 080/24.

## **Innhaldsoversikt**

1Del 1: Prinsipp for politisk organisering

2Del 2: Politiske organ - medlemmer, arbeidsområde, sakshandsaming og delegering

3Del 3: Ordføraren

4Del 4: Kommunedirektøren

5Del 5: Mynde knytt til særskilde roller i organisasjonen

# **1 Del 1: Prinsipp for politisk organisering**

## **1.1 Politisk organisering og delegering**

### **1.1.1 Kinn kommune sine folkevalde organ etter kommunelova §5-1, §5-6, §5-7, og §23-1**

- a. Kommunestyret
- b. Formannskapet
- c. Finansutvalet
- d. Oppvekst- og kulturutvalet
- e. Helse-, sosial- og omsorgsutvalet
- f. Plan- og miljøutvalet
- g. Klagenemnda
- h. Kontrollutvalet

### **1.1.2 Kinn kommune sine rådorgan etter kommunelova §5-12**

- a. Eldrerådet
- b. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- c. Ungdommens kommunestyre

### **1.1.3 Kinn kommune sitt partsamansette utval etter kommunelova §5-11**

Administrasjonsutvalet.

### **1.1.4 Kinn kommune sitt arbeidsutval etter kommunelova § 5-1, punkt g.**

Gruppeleiarutvalet er formalisert som eit arbeidsutval.

### **1.1.5 Kommunale føretak**

Reglement og arbeidsområde for kommunale føretak er utarbeidd i eige dokument.

## **1.2 Delegering**

Kommunestyret er det øvste kommunale organet.

Dette organet treff vedtak på kommunen sine vegner, så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Kommunestyret kan delegera myndet til andre politiske organ eller til kommunedirektøren, jamfør kommunelova § 5-3.

Tilsvarande kan andre politiske organ òg delegera til kommunedirektøren.

Delegera mynde skal utøvast i samsvar med kommunestyret sin intensjon.

All delegera mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjeve av overordna organ, og innanfor godkjende budsjetttramme og føresetnader.

### **1.2.1 Overføring av mynde**

Delegering betyr overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Den ein delegerer til, kan treffe avgjelder innan vedtaket sine rammer på vegne av den som delegerer.

Delegering av mynde inneber ikkje at det organet som delegerer gjev frå seg ansvar eller mynde på området avgjersla vedkjem.

### **1.2.2 Avgjelder som høyrer kommunestyret til**

Kommunestyret skal sjølve handsame:

- a. vedtak av kommunale føreskrifter
- b. folkevald organisering
- c. kommuneplan
- d. kommunedelplanar, budsjett, og økonomiplan
- e. saker som til ei kvar tid etter kommunelov, særlover og delegeringsreglementet er lagt til kommunestyret sjølv
- f. tilsetting av kommunedirektør

### **1.2.3 Avgrensing av delegering**

Det er berre saker som **ikkje** er av prinsipiell karakter som kan bli delegera.

Dersom det er tvil om ein har mynde til å ta ei avgjerd, har organet eller personen det er delegera til plikt til å klargjere dette. Om saka er prinsipiell eller ikkje, kan vere omtala i lov, planer, strategivedtak, eller praksis gjennom vedtak i tilsvarande saker.

For å få innsyn i om praksis følgjer det fleirtalet i kommunestyret kan stille seg bak, kan kommunestyret eller andre politiske organ be om ei orientering om konkrete saker eller saksfelt.

På same vis bør kommunedirektøren fremme ei sak som han i utgangspunktet har mynde til å avgjere, eller på anna vis få greie på kva som er fleirtalet si meining om korleis saka bør handsamast vidare.

### **1.2.4 Rett delegering**

For delegering etter gjeldande lovverk må desse vilkåra vere oppfylte

- a. Det må vere høve etter lova å delegere vedtaket.
- b. Delegeringsvedtaket må vere formelt rett.
- c. Delegeringsvedtaket må vere gjort av eit organ som har mynde til det.
- d. Delegeringa må skje til eit organ som lova gir høve å delegere til.
- e. Den som gir fullmakt må vere overordna den som mottar fullmakta.

Folkevalde organ kan ikkje delegere mynde til andre enn kommunedirektøren.

## **1.2.5 Kontroll og tilbakekalling av delegering**

Personen eller organet som delegerer mynde har som nemnt i 1.2.1 framleis ansvar for dei delegerte avgjerslene.

Dei kan tilbakekalle delegert mynde, gje vidare instruksar for handsaminga, eller overprøve det organet dei har gitt mynde til.

Dette gjeld òg delegering frå kommunedirektøren.

## **1.2.6 Oppdatering av delegeringsreglementet**

Den digitale utgåva av delegeringsreglementet skal oppdaterast fortløpande.

Nytt kommunestyre skal handsame reglementet tidleg i valperioden.

I tillegg til kommunestyret sine vedtak om delegeringsreglementet, skal reglementet fortløpande reviderast for endringar i lovverk, organisering, og endra roller i organisasjonen.

## **2 Del 2: Politiske organ - medlemmer, arbeidsområde, sakshandsaming og delegering**

### **2.1 Kommunestyret**

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ etter kommunelova §5-3, og treff vedtak så langt ikke anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

#### **2.1.1 Medlemmer**

Kommunestyret har 39 medlemmer.

Desse vert valde ved folkerøysting kvart 4. år.

#### **2.1.2 Arbeidsområde**

Kommunestyret sine oppgåver følgjer av kommunelova og anna lovverk.

Kommunestyret kan ta opp saker etter eiga vurdering dersom det ikkje er i strid med lov og overordna regelverk.

Kommunestyret kan handsame saker sjølv, eller overlate det til andre organ etter reglar i lov og delegeringsvedtak.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemnd. Kommunestyret kan krevje at ei kvar sak skal leggjast fram til orientering eller avgjerd, jamfør § 22-1 i kommunelova. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, dersom dei sjølve kunne ha fatta vedtaket.

#### **2.1.3 Sakshandsaming**

Alle saker som vert lagde fram for kommunestyret skal ha ei innstilling frå formannskapet eller utval oppretta av kommunestyret.

Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommens kommunestyre har rett til å kome med uttale og tilråding til kommunestyret i saker som gjeld høvesvis eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom.

Vedtak frå rådsmøte skal følgje saksdokumenta til kommunestyret.

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret ved val av sekretariat, revisor og revisjonsordning, og når kommunen sitt rekneskap og budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen vert lagt fram.

Kontrollutvalet kjem òg med innstilling til kommunestyret i saker om forvaltningsrevisjon (§ 23-3), eigarskapskontroll (§ 23-4) og elles i saker der kontrollutvalet utøver funksjonen som kontroll- og tilsynsmynde på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet sin leiar, eller avløysar for denne, har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert behandla. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret, jamfør kommunelova § 23-5.

Saksbehandlinga i kommunestyret skal elles følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for saksbehandling i folkevalde organ.

## 2.2 Formannskapet

Formannskapet vert oppretta med heimel i kommunelova §5-6.

### 2.2.1 Medlemmer

Formannskapet har 11 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer er valde av kommunestyret.

Representant for ungdommens kommunestyre har rett til å gje innspel.

### 2.2.2 Arbeidsområde

Formannskapet har ansvaret for den overordna økonomiske planlegginga i Kinn kommune og skal utarbeide årsbudsjett og økonomiplan. Formannskapet har òg ansvaret for økonomiske strategiar, reglement og liknande for den økonomiske forvaltninga i kommunen.

Utanom ansvar og plikter som er pålagde formannskapet etter kommunelova, har formannskapet følgjande ansvarsområde og gjeremål

- a. Interkommunalt samarbeid og kontakt på tvers av sektorane.
- b. Overordna leiing og samordning av den kommunale verksemda.
- c. Kommuneplanlegging.
- d. Sivilt beredskap.
- e. Andre saker som naturleg ikkje hører under hovudutvala sine ansvarsområde.
- f. Delegere mynde til kommunedirektøren etter reglene i § 13-1 i kommunelova.
- g. Opprette komitear, ad hoc-utval og underutval innafor utvalet sitt arbeidsområde.
- h. Næringssaker og næringsutvikling.
- i. Samferdselssaker (til formannskap eller plan- og miljøutvalet).

### 2.2.3 Sakshandsaming

Sakshandsaming i formannskapet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

### 2.2.4 Avgjerdsmynne og delegering

Formannskapet avgjer alle saker som ikkje vert avgjort av kommunestyret, og i saker som ikkje vert avgjort i andre organ etter lov eller delegert mynde.

Dette gjeld også fråsegner og tilrådingar til KS, fylkeskommunale og statlege organ med fleire.

Formannskapet kan gjere vedtak i hastesaker som skulle ha vore oppe i kommunestyret eller anna kommunalt utval, når det er nødvendig at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret eller anna utval til møte, jamfør kommunelova § 11-8 første ledd. Vedtak som vert gjort med heimel i denne fullmakta skal refererast for kommunestyret eller utvalet i deira neste møte.

Formannskapet kan avgjere søknad om fritak frå val, gje forslag til val etter domstollova og oppnemne medlemmer til røystestyre etter vallova.

Formannskapet kan avgjere saker etter tvistelova og gje fritak for eigedomsskatt for bustadeigedommar etter eigedomsskattelova.

## **2.2.5 Innstillingsrett til kommunestyret**

Formannskapet innstiller til kommunestyret i følgjande saker

- a. økonomiplan og årsbudsjett i samsvar med § 14-3 i kommunelova.
- b. periodiske endringar/justeringer av økonomiplan/årsbudsjett.
- c. endringar og justeringar i økonomiplan, og årsbudsjett i samsvar med Kinn kommune sitt økonomireglement.
- d. rapportering, rekneskap, årsmelding og årsrapport i samsvar med Kinn kommune sitt økonomireglement.
- e. alle andre saker som kommunestyret eller ordføraren ikkje har bestemt skal gå direkte frå hovudutvala.

## **2.3 Finansutvalet**

Finansutvalet vert oppretta med heimel i kommunelova § 5-7.

### **2.3.1 Medlemmer**

Finansutvalet har personsamanfall med formannskapet. Leiarar av hovudutval og gruppeleiarar som ikkje har representasjon i formannskapet er konsultative medlemmer i finansutvalet.

Møta i finansutvalet leggast på same dagar som formannskapet, og løyser ikkje ut godtgjersle utover godtgjersla ein allereie har som medlem i formannskap, leiar av hovudutval eller gruppeleiar.

### **2.3.2 Arbeidsområde**

Finansutvalet skal stå for arbeidet med utarbeiding av framlegg til årsbudsjett og økonomiplan.

Finansutvalet skal holdast løpande oppdatert om den økonomiske utviklinga i kommunen gjennom året.

Kommunedirektøren skal løpande rapportere om alle finanzielle endringar som påverkar kommande budsjett- og økonomiplanrammer.

### **2.3.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i finansutvalet skal følge reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

### **2.3.4 Avgjerdsmynne og delegering**

Finansutvalet legger overordna økonomiske rammer for tenesteområda tidleg på året.

Finansutvalet tek løpende stilling til tiltak som fører til auke eller reduksjon i kostnadsbehovet på tenesteområda. Tiltak som medfører endringar i årets budsjett må handsamast av kommunestyret i samband med tertialrapportar eller revidering av budsjett.

Vedtaka i finansutvalet skal danne grunnlag for det endelege årsbudsjettet og økonomiplanen.

Kommunedirektøren skal rapportere løpende til finansutvalet om alle tiltak som påverkar budsjetttrammene på dei enkelte tenesteområda.

Kommunedirektøren skal legge fram notat/arbeidsdokument om den økonomiske utviklinga i kommunen til finansutvalet minst 5 ganger pr år, 3 på våren, og 2 på hausten før endeleg budsjettframlegg.

### **2.3.5 Innstillingsrett**

Finansutvalet innstiller til formannskapet i følgjande saker:

- a. overordna økonomiske rammer for tenesteområda
- b. tiltak som fører til auke eller reduksjon i kostnadsbehovet på tenesteområda

## **2.4 Oppvekst- og kulturutvalet**

Oppvekst og kulturutvalet vert oppretta med heimel i kommunelova §5-7.

### **2.4.1 Medlemmer**

Utvalet har 9 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer er valde av kommunestyret.

Frå kvar liste vert det vald det same tal varamedlemmer som medlemmer, samt 2 i tillegg.

Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar i utvalet.

### **2.4.2 Arbeidsområde**

Utvalet har følgjande arbeidsområde:

- a. Barnevern
- b. Barnehage
- c. Grunnskule

- d. Kulturskule
- e. Kultur
- f. Vaksenopplæring
- g. Flyktninger og integrering (i samarbeid med kommunale føretak)
- h. Idrett

Oppvekst- og kulturutvalet skal handsame kommunedelplanar og fagplanar som hører til fagområdet sitt.

### **2.4.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i oppvekst- og kulturutvalet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

### **2.4.4 Avgjerdsmynne og delegering**

Kommunestyret kan delegere avgjerdsmynne til faste utval i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

- a. Utvalet har avgjerdsmynne i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv handsamar etter lov, eller der kommunestyret har vedteke dei sjølv skal avgjere.
- b. Saker som utvalet ikkje sjølv kan avgjere skal innstillast til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstillast til formannskapet.
- c. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

Oppvekst- og kulturutvalet har avgjerdsmynne i desse sakene:

- a. Fastsette reglement for folkebiblioteket.
- b. Gje løyve og fastsette vilkår for løyve til framsyning av film i næring.
- c. Vedta skrivemåten av namn på kommunale vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg og liknande.

### **2.4.5 Innstillingsrett**

Utvalet innstiller til kommunestyret i saker innanfor deira arbeidsområde, med mindre anna er fastsett.

Dette gjeld mellom anna:

- a. Fastsette forskrift om undervisningstid utover sentrale forskrifter.
- b. Fastsette forskrift om skule- og feriedagar i skuleåret.
- c. Fastsette forskrift om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane.
- d. Fastsette felles ordensreglement for grunnskule.
- e. Fastsette vedtekter, forskrifter og betalingssatsar.

## **2.5 Helse-, sosial- og omsorgsutvalet**

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet vert oppretta med heimel i kommunelova §5-7.

## **2.5.1 Medlemmer**

Utvalet har 9 medlemmer. Medlemmer og varamedlemmer er valde av kommunestyret. Frå kvar liste vert det vald det same tal varamedlemmer som medlemmer, samt 2 i tillegg. Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar i utvalet.

## **2.5.2 Arbeidsområde**

- a. Helse, velferd og omsorgstenestene
- b. Sosiale tenester i velferdsforvaltinga
- c. Bustadsosiale oppgåver

## **2.5.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i helse-, sosial- og omsorgsutvalet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

## **2.5.4 Avgjerdsmynde og delegering**

Kommunestyret kan deleger avgjerdsmynde til faste utval i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

- d. Utvalet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv handsamar etter lov, eller der kommunestyret har vedteke dei sjølv skal avgjere.
- e. Saker som utvalet ikkje sjølv kan avgjere skal innstilla til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstilla til formannskapet.
- f. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

## **2.5.5 Innstillingsrett**

Utvalet innstiller til kommunestyret i saker innanfor deira arbeidsområde, med mindre anna er fastsett.

Dette gjeld mellom anna:

- a. Løyve og skjenketider etter alkohollova
- b. Fastsette vedtekter, forskrifter og betalingssatsar

## **2.6 Plan- og miljøutvalet**

Plan- og miljøutvalet vert oppretta med heimel i kommunelova §5-7.

### **2.6.1 Medlemmer**

Utvalet har 9 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer er valde av kommunestyret.

Frå kvar liste vert det vald det same tal varamedlemmer som medlemmer, samt 2 i tillegg.

Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar i utvalet.

## 2.6.2 Arbeidsområde

Utvalet har følgjande arbeidsområde:

- a. Konsesjonslova
- b. Eigarseksjonslova
- c. Matrikkellova
- d. Grannelova
- e. Forureiningslova
- f. Veglova
- g. Vegtrafikklova
- h. Brann og eksplosjonsvernlova
- i. Lakse- og innlandsfisklova
- j. Jordlova
- k. Odelslova
- l. Skogbrukslova
- m. Friluftslova
- n. Viltlova
- o. Folkehelselova
- p. Samferdsle
- q. Kommunal bygningsmasse

## 2.6.3 Sakshandsaming

Sakshandsaming i plan- og miljøutvalet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

## 2.6.4 Avgjerdsmynde og delegering

Etter kommunelova § 5-7 kan kommunestyret delegere avgjerdsmynde til faste utval i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

- a. Utvalet har avgjerdsmynde i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv avgjer etter lova, eller har vedtatt dei sjølve skal avgjere
- b. I saker som utvalet ikkje sjølve kan avgjere skal dei innstille til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstille til formannskapet
- c. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

## 2.6.5 Innstillingsrett

Utvalet innstiller til kommunestyret i saker innanfor deira arbeidsområde, med mindre anna er fastsett.

## **2.6.6 Barn og unge sine interesser**

Plan- og bygningslova §3-3 stadfestar at kommunestyret skal sørge for å etablere ei særskild ordning for å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga.

Kommunedirektøren får fullmakt til å peike ut ein administrativ representant.

Dette gjeld mellom anna:

- a. Reguleringsplanar
- b. Kommuneplanen sin arealdel (kommunedelplanar)
- c. Gebyrforskrifter og gebrysatsar
- d. Ekspropriasjon
- e. Føresetnader for utbyggingsavtala

## **2.7 Administrasjonsutvalet**

Administrasjonsutvalet vert oppretta som eit partsamansett utval etter kommunelova §5-11.

### **2.7.1 Medlemmer**

Administrasjonsutvalet har 9 medlemmer: 5 folkevalde og 4 oppnemnd av dei tilsette.

Dei folkevalde vert valde av kommunestyret med like mange varamedlemmer.

4 medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av og mellom dei tilsette, gjennom arbeidstakarorganisasjonane som er representert i kommunen.

### **2.7.2 Arbeidsområde**

Administrasjonsutvalet skal handsame overordna saker for Kinn kommune som arbeidsgjevar, for slik å sikre ein god arbeidsgjevarpolitikk.

Utvalet skal sikre at det politiske nivået får direkte informasjon frå arbeidstakar-organisasjonane i saker som går på organisasjon og arbeidsgjevarpolitikk, og som skal vidare til politisk handsaming.

### **2.7.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i administrasjonsutvalet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

### **2.7.4 Avgjerdsmynde og delegering**

Administrasjonsutvalet har ikkje sjølvstendig avgjerdsmynde, men utvalet skal vert høyrde i saker som skal vidare til formannskap og kommunestyre innan arbeidsgjevarfeltet.

## **2.8 Kontrollutvalet**

Kontrollutvalet vert oppretta med heimel i kommunelova kapittel 23 med tilhøyrande forskrifter.

### **2.8.1 Medlemmer**

Kontrollutvalet har 5 medlemmer.

Val av medlemmer skjer etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **2.8.2 Arbeidsområde**

Kontrollutvalet skal sørge for at følgjande oppgåver vert utført, jf. kommunelova § 23-2:

- a. Sjå til at kommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte
- b. Føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga er i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak
- c. Sørge for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i
- d. Sørge for kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap og liknande (eigarskapskontroll)
- e. Sjå til at kommunestyret sine vedtak om revisjonsrapportar vert følgde opp

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd.

Kontrollutvalet har eige reglement.

### **2.8.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i kontrollutvalet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ, samt kontrollutvalet sitt eige reglement.

## **2.9 Klagenemnda**

Klagenemnda vert oppretta med heimel i kommunelova §5-7.

### **2.9.1 Medlemmer**

Nemnda har 5 medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer frå plan- og miljøutvalet.

Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar.

## 2.9.2 Arbeidsområde

Klagenemnda si oppgåve vil vere å sjå til at påkлага enkeltvedtak er handsama og har fått avgjerd etter lover, forskrifter og retningslinjer innan desse områda:

- a. Konsesjonslova
- b. Eigarseksjonslova
- c. Matrikkellova
- d. Grannelova
- e. Forureiningslova
- f. Veglova
- g. Vegtrafikklova
- h. Brann og eksplosjonsvernlova
- i. Lakse- og innlandsfisklova
- j. Jordlova
- k. Odelslova
- l. Skogbrukslova
- m. Friluftslova
- n. Viltlova
- o. Folkehelselova
- p. Samferdsle

Klagenemnda si prøving av forvaltingsskjønn må i kvar sak utøvast i samsvar med gjeldande lover og regelverk.

## 2.9.3 Sakshandsaming

Sakshandsaming i Klagenemnda skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

## 2.9.4 Avgjerdsmynne og delegering

Etter kommunelova § 5-7 kan kommunestyret deleger avgjerdsmynne til faste utval i alle saker der ikkje anna følgjer av lov:

- a. Utvalet har avgjerdsmynne i saker innanfor sitt ansvarsområde, med unntak av dei saker som kommunestyret sjølv avgjer etter lova, eller har vedtatt dei sjølve skal avgjere.
- b. I saker som utvalet ikkje sjølve kan avgjere, skal dei innstille til kommunestyret. Om sakene har økonomiske konsekvensar skal dei innstille til formannskapet.
- c. Utvalet sine vedtak skal følgje sakene til kommunestyret.

## **2.10 Gruppeleiarutvalet**

Gruppeleiarutvalet er oppretta med heimel i kommunelova §5-1, punkt g.

### **2.10.1 Medlemmer**

Gruppeleiarutvalet er samansett av leiarane for dei politiske partigruppene i kommunestyret. Dersom ein har kommunestyrerrepresentantar som har meldt seg ut av det politiske partiet dei vart valde inn for, skal ein oppmode til å velje ein representant for utmelde medlemmer. Gruppa vel sjølve leiar, med etterhald om at leiaren skal veljast frå anna parti enn ordførar.

### **2.10.2 Arbeidsområde**

Gruppeleiarutvalet fungerer som valnemnd, og har innstilingsrett i valsaker.

Leiar kallar inn til møte når ordførar eller eit av medlemmane ber om det.

### **2.10.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i gruppeleiarutvalet skal følgje reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ.

## **2.11 Rådgjevande utval**

Kinn kommune har tre rådgjevande utval etter kommunelova §5-12

- a. Eldrerådet
- b. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- c. Ungdommens kommunestyre

### **2.11.1 Eldrerådet**

Eldrerådet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-12 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre.

#### **2.11.1.1 Medlemmer**

Eldrerådet har 5 medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer og personlege varamedlemmer.

Fleirtalet i rådet må minst ha fylt 60 år på valtidspunktet. Minst 3 medlemmer og deira varamedlemmer skal, så langt praktisk mogeleg, veljast blant innkomne forslag frå pensjonistlag og eldresamanslutningar i kommunen. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

#### **2.11.1.2 Ansvarsområde**

Eldrerådet skal bidra til at eldre i Kinn får open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som gjeld for eldre. Rådet skal arbeide for å betre dei eldre sine levekår på alle felt for å gi eldre ein trygg og innhaldsrik alderdom.

#### **2.11.1.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i eldrerådet skal følge reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for sakshandsaming i folkevalde organ. Representantar for rådet har rett til å komme med innspel i alle politiske organ i saker som gjeld innan rådet sitt arbeidsområde. Rådet skal bli involvert på eit tidleg tidspunkt i den kommunale sakshandsaminga slik at uttalene kan påverke utfallet i saka.

Observatørar - ordning fom. mars 2024 – mai 2025 (K-sak 040/24):

Det vert innført ei ordning der ein representant for råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ein representant frå eldrerådet, får møte- og talerett i dei 3 hovudutvala, helse-, sosial og omsorgsutvalet, oppvekst- og kulturutvalet og plan- og miljøutvalet. Det vert understreka at denne retten avgrensar seg til råda sine saksområde. Råda peikar sjølv ut kven som skal representere dei.

Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i løpet av våren 2025. Kommunestyret tek då stilling til om dette skal vere ei permanent ordning.

### **2.11.2 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert oppretta med heimel i kommunelova § 5- 12, og Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom.

#### **2.11.2.1 Medlemmer**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har 5 medlemmer.

Kommunestyret vel medlemmer og personlege varamedlemmer.

Minst 3 medlemmer og deira varamedlemmer skal, så langt praktisk mogeleg, veljast blant innkomne forslag frå lokale interesseorganisasjonar for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

#### **2.11.2.2 Arbeidsområde**

Rådet skal arbeide for at menneske med nedsett funksjonsevne vert sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker.

Rådet gir uttale i saker som har med levekår og livskvalitet for menneske med nedsett funksjonsevne i Kinn kommune.

#### **2.11.2.3 Sakshandsaming**

Sakshandsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal følge reglane i kommunelova kapittel 11 og kommunen sitt fellesreglement for saksbehandling i folkevalde organ.

Representantar for rådet har rett til å komme med innspel i alle politiske organ i saker som gjeld innan rådet sitt arbeidsområde

Rådet skal bli involvert på eit tidleg tidspunkt i den kommunale sakshandsaminga slik at uttalene kan påverke utfallet i saka.

#### **2.11.2.4 Observatørar**

Observatørar – Ordning fom mars 2024 – mai 2025 (K-sak 040/24):

Det vert innført ei ordning der ein representant for råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ein representant frå eldrerådet, får møte- og talerett i dei 3 hovudutvala, helse-, sosial og omsorgsutvalet, oppvekst- og kulturutvalet og plan- og miljøutvalet. Det vert understreka at denne retten avgrensar seg til råda sine saksområde. Råda peikar sjølv ut kven som skal representere dei.

Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i løpet av våren 2025. Kommunestyret tek då stilling til om dette skal vere ei permanent ordning.

### **2.11.3 Ungdommens kommunestyre**

Ungdommens kommunestyre er oppretta med heimel i kommunelova §5-12.

#### **2.11.3.1 Medlemmer**

Ungdommens kommunestyre har 15 representantar som vert valde med ei funksjonstid på 2 år.

Representantane skal kome frå heile kommunen.

Ungdom som er eller fyller 13 - 19 år i valåret, og som er busette i kommunen, kan veljast.

10 elevar frå ungdomskular og vidaregåande skular vert fordelt slik:

- Flora vidaregåande skule: 2
- Måløy vidaregåande skule: 2
- Florø ungdomsskule: 2
- Måløy ungdomsskule: 2
- Eikefjord skule: 2

5 representantar skal veljast politisk eller uavhengig etter eigne lister, og vert valde etter same reglar som for kommuneval.

Ungdommens kommunestyre vel sjølv ordførar og varaordførar.

#### **2.11.3.2 Arbeidsområde**

Ungdommens kommunestyre skal samarbeide for å sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad for ungdom i Kinn kommune.

Ungdommens kommunestyre skal ha ei aktiv og sjølvstendig rolle der dei:

- a. Arbeider for ungdom sine interesser og talar deira sak i kommunen
- b. Stimulerer til samfunnssengasjement, medverknad og deltaking blant ungdom
- c. Byggjer bruer mellom ungdomen og det politiske miljøet
- d. Er eit rådgjevande organ i saker som vedkjem born og ungdom
- e. Er eit debattforum for ungdom

Ungdommens kommunestyre skal gje opplæring i demokratisk arbeid og påverknad, og slik gje representantane høve til å påverke både eigne og andre unge sine levekår.

Det er eit eige mål å ha betre sakshandsaming og betre grunnlag for vedtak i politiske saker som gjeld unge.

#### **2.11.3.3 Sakshandsaming**

Møterelementet for Kinn kommune gjeld for møta i ungdommens kommunestyre.

Ordførar for ungdommens kommunestyre kallar i samarbeid med kommunedirektør og politisk sekretariat inn til møta med høveleg varsel. Saman med innkallinga vert det sendt sakliste og saksdokument.

Ordførar for ungdommens kommunestyre er møteleiar.

Ved forfall leiar varaordføraren møtet. Dersom begge har forfall vert det vald møteleiar mellom ungdommens kommunestyre sine møtande representantar.

Ordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar, kultursjef, og ungdomsleiar har møterett i ungdommens kommunestyre. Andre kan få møterett etter særskild avtale.

Representantar for ungdommens kommunestyre har møte- og talerett i alle politiske organ som handsamar saker som gjeld ungdom. Ungdommens kommunestyre kan stille med to representantar i slike møteorgan.

Ungdommens kommunestyre kan ta opp alle saker som Kinn kommunestyre ønskjer å uttale seg om, saker som er til handsaming i andre politiske organ, eller andre aktuelle saker.

#### **2.11.3.4 Avgjerdsmynde og delegering**

Etter kommunelova § 5-7 kan kommunestyret delegere avgjerdsmynde til faste utval i alle saker der ikkje anna følgjer av lov.

- a. Ungdommens kommunestyre fordeler sjølv eigne midlar avsett på budsjett til elevråd, organisasjonar, grupper og enkeltpersonar. Ein del av midlane kan nyttast til tiltak som ungdommens kommunestyre sjølve ønskjer å sette i gang, til dømes kulturtiltak, arrangement, treff, og liknande
- b. Ungdommens kommunestyre vel utsendingar til eventuelle ungdommens fylkesting
- c. Ungdommens kommunestyre vel 2 representantar med vararepresentantar til kvart av dei politiske utvala der ungdommens kommunestyre har møte- og talerett.

## **2.12 Medverknad frå grendelaga**

Ordførar, varaordførar, eller den som ordførar har oppnemnd skal gjennomføre minst 2 møter i året med grendelaga i kommunen.

## **3 Del 3: Ordføraren**

### **3.1 Oppgåver, ansvar og mynde**

Ordførar sine oppgåver går fram av kommunelova §6-1.

Ordførar har ansvar for å fordele saker mellom dei ulike utvala slik at saker kjem til handsaming i rette organ etter kommunelova og vedteken ordning i Kinn kommune.

I tillegg til å leie møta i kommunestyret og formannskapet, er ordførar kommunen sin rettslege representant og underskriv på kommunen sin vegne der mynde ikkje er gitt andre.

Dokument som bind kommunen økonomisk eller rettsleg, skal vere godkjende av formannskap eller kommunestyret.

## **4 Del 4: Kommunedirektøren**

Delegering av oppgåver, ansvar og mynde frå kommunestyret til kommunedirektøren er heimla i kommunelova §13.

### **4.1.1 Kommunedirektøren si rolle**

Kommunelova §13 definerer kommunedirektøren si rolle slik:

- a. Kommunedirektøren er den øvste administrative leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei rammer som kommunestyret fastset.
- b. Kommunedirektøren skal sjå til at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd, og at vedtak vert sett ut i livet. Kommunedirektøren skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lov, forskrifter og overordna instruksar, og at den har gode rutinar for gjennomføring og kontroll. Prinsippa for fullført sakshandsaming skal leggast til grunn.
- c. Kommunedirektøren har møte- og talerett, personleg eller ved avløysar i alle kommunale folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet.
- d. Kommunestyret gir fullmakt til å treffe vedtak i saker som ikkje er prinsipielle, dersom kommunestyret ikkje har avgjort noko anna.
- e. Kommunedirektøren har innstillingsrett og innstillingsplikt i saker som vert fremma for første handsaming i eit folkevald organ. I den vidare sakshandsaminga i formannskap eller kommunestyret, skal kommunedirektøren si innstilling gå klart fram av saka.
- f. I særskilde tilfelle og etter avtale med ordførar, kan kommunedirektøren fremme sak direkte til kommunestyret.
- g. Kommunedirektøren har høve til å trekke ei sak frå sakskartet dersom han meiner kommunestyret ikkje har fått tilstrekkeleg informasjon.

### **4.1.2 Hovudtrekk i kommunestyret si delegering av mynde til kommunedirektøren**

- a. Kommunestyret si delegering av mynde til kommunedirektøren går på to hovudområde. Det første går på mynde til å drifte og utvikle kommuneorganisasjonen innanfor dei rammene som kommunestyret har bestemt. Det andre gjeld mynde til å ta avgjerder som forvaltingsorgan etter gjeldande lovverk
- b. Kommunedirektøren har fullmakt til å delegere mynde vidare i kommuneorganisasjonen. Slik delegering skal vere spesifisert i eige administrativt delegeringsreglement. Delegeringsvedtak som ikkje går fram av reglementet, skal gjerast skriftleg og verte rapportert til kontrollutvalet og revisjonen
- c. Bestillingar til administrasjonen skal skje gjennom vedtak i møte i folkevalde organ
- d. Berre kommunestyret sjølv kan disponere unyttta økonomiske tildelingar som følgje av at tiltak ikkje er iverksette
- e. Delegeringa nemnd under går via utvala slik det går fram av tabellane

## **4.2 Bindeledd mellom politisk nivå og tilsette i kommunen**

Kommunedirektøren er den einaste kommunestyret er direkte arbeidsgjevar for.

Dei nærmere rammene og reglane for kommunedirektøren sitt ansvar og mynde følgjer av reglement og kommunelova kapittel 13.

Retningsliner for samarbeidet mellom leiing og tilsette, samt tilsette sin medverknad, er nedfelt i Hovudavtalen.

I tillegg skal det partsamansette administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk fungerer godt, at politikken er i stadig utvikling, samt at naudsynt kunnskap vert utveksla mellom dei tilsette og politisk nivå.

Ein ønsker ein open og god relasjon mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

I tillegg er det viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen, ha forståing for dei respektive rollene, og å følge lov- og avtaleverket.

## **4.3 Oversikt over fullmaktene til kommunedirektøren**

### **4.3.1 Administrasjon og personalforvalting**

Kommunedirektøren har fått fullmakt frå kommunestyret til å:

- a. Ta avgjerder gjeldande drift av kommunen innanfor dei rammene kommunestyret har vedteke
- b. Representere kommunestyret som arbeidsgjevar overfor dei tilsette innanfor lov-, avtale- og planverk vedteke av kommunestyret
- c. Tilsette i alle stillingar i kommunen unntatt kommunedirektørstillinga
- d. Tilpasse organisasjonen etter overordna mål vedtekne av kommunestyret, forsvarleg tenesteyting og god ressursbruk
- e. Opprette, legge ned og endre stillingar innanfor dei økonomiske rammene kommunestyret har bestemt

Der ikkje anna er nemnd i tabellen under, er mynde innanfor forvaltningsområdet til delegert til kommunedirektøren.

| Lovverk med tilhøyrande forskrifter | Kan ikkje delegerast  |
|-------------------------------------|---|
| Domstollova                         | Kommunestyret skal:<br><br>Oppnemne medlemmer til forliksrådet.<br><br>Velje medlemmer til utvala av meddommarar, og eventuelle suppleringsval. |

|         |   |
|---------|---|
|         | <p>Formannskapet skal:</p> <p>Førebu valet.</p> <p>Avgjere søknad om fritak frå val.</p> <p>Gje forslag til val.</p>  |
| Vallova | <p>Kommunestyret skal:</p> <p>Oppnemne valstyre.</p> <p>Formannskapet skal:</p> <p>Fastsetje kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i.</p> <p>Fullmakt til å oppnemne røystestyrar.</p> |

### 4.3.2 Økonomistyring

Kommunedirektøren sitt mynde innan økonomi- og finansforvalting er fastsett i eige økonomireglement for Kinn kommune.

Reglementet gir eit oversyn over rammer og avgrensingar for kommunen si økonomistyring og finansforvalting.

Fullmakter, instruksar og rutinar er heimla i økonomireglementet.

Økonomi- og finansforvaltinga skal skje med heimel i gjeldande lov og forskrift i kommunane, inkludert, men ikkje avgrensa til: kommunelova §14, Forskrift om årsbudsjett, Forskrift om årsrekneskap og årsberetning, Forskrift om rapportering, Forskrift om garantiar, og Forskrift om finansforvalting.

Der ikkje anna er nemnd i tabellen under, er mynde innanfor forvaltningsområdet dekka av nemnde lovverk til delegert til kommunedirektøren.

| Lovverk med tilhøyrande forskrifter | Kan ikkje delegere  |
|-------------------------------------|---|
|                                     |   |
| Eigedomsskattelova                  | <p>Kommunestyret skal:</p> <p>Fastsette satsar og reglar ved utskriving av eigedomsskatt</p> <p>Oppnemne ei klagenemnd</p> <p>Oppnemne ei sakkunnig nemnd</p> |

|            |  |
|------------|--|
|            | Vedta skattefritak for eigedomar<br><br>Formannskapet skal:<br>Avgjere einskildsaker om skattefritak for bustadeigedomar |
| Tvistelova | Formannskapet skal:<br>Gjere vedtak i saker av prinsipiell betydning og saker av større økonomisk omfang                 |

### 4.3.3 Helse, omsorg og sosiale tenester

Kommunestyret delegerer til helse-, sosial- og omsorgsutvalet, som vidare gjev fullmakt til kommunedirektøren. Kommunedirektøren får slik mynde til å gjøre vedtak og ta avgjelder knytt til drift av tenester som er regulert av gjeldande lov for helse, omsorg og sosiale tenester.

Fullmakta gjeld ikkje vedtak som kommunestyret etter lova ikkje kan delegere.

Der ikkje anna er nemnd i tabellen under, er mynde innanfor forvaltningsområdet dekka av nemnde lovverk til delegert til kommunedirektøren

| Lovverk med tilhøyrande forskrifter | Merknad |
|-------------------------------------|---------|
|                                     |         |
| Helse- og omsorgstenestelova        |         |
| Barnevernslova                      |         |
| Sosialtenestelova                   |         |
| Folkehelselova                      |         |
| Helsepersonellova                   |         |
| Pasientrettsslova                   |         |

|                     |  |
|---------------------|--|
| Helseberedskapslova |  |
| Smittevernlova      |  |
| Alkohollova         | Kommunestyret skal<br>handsame saker om løyve og<br>skjenketider |
| Serveringslova      |  |
| Tobakksskadelova    |  |
| Helseregisterlova   |  |
| Krisesenterlova     |  |
|                     |  |

#### 4.3.4 Oppvekst og kultur

Kommunestyret delegerer til oppvekst- og kulturutvalet, som vidare gjev fullmakt til kommunedirektøren. Der ikkje anna er nemnd i tabellen under, er mynde innanfor forvaltningsområdet dekka av nemnde lovverk til delegert til kommunedirektøren.

| Lovverk med tilhøyrande forskrifter | Kan ikkje delegerast   |
|-------------------------------------|--|
|                                     |  |
| Barnehagelova                       | Kommunestyret skal:<br>Fastsette vedtekter, forskrifter,<br>og betalingssatsar   |
| Opplæringslova                      | Kommunestyret skal:<br>Fastsette forskrift om<br>undervisningstid utover det<br>sentrale forskrifter<br><br>Fastsette forskrift om skule- og<br>feriedagar i skuleåret<br><br>Fastsette forskrift om kva målform<br>som skal vere hovudmål i dei |

|                        |   |
|------------------------|---|
|                        | enkelte skulane   |
|                        | Fastsette felles<br>ordensreglement for grunnskule  |
| Folkebiblioteklova     | Oppvekst- og kulturutvalet skal:<br>Fastsette reglement for<br>folkebiblioteket   |
| Kulturlova             |   |
| Kulturminnelova        |   |
| Mållova                |   |
| Folkehelselova         |   |
| Film- og videogramlova | Oppvekst- og kulturutvalet skal:<br>Gje løyve og fastsette vilkår<br>for løyve til framsyning av film i<br>nærings                    |
| Kyrkjelova             | Oppvekst- og kulturutvalet skal:<br>Velje eit medlem og eit<br>varamedlem til kyrkjeleg fellesråd                                     |
| Stadnamnlova           | Oppvekst- og kulturutvalet skal:<br>Vedta skrivemåten av namn<br>på kommunale vegar, parkar, torg,<br>bydelar, bustadfelt, anlegg mv. |

### 4.3.5 Tekniske tenester

Kommunestyret delegerer til plan- og miljøutvalet, som vidare gjev fullmakt til kommunedirektøren.

Kommunedirektøren får slik mynde til å:

- Ta avgjerder om kommunen si drift av eigedomar, bygg og anlegg innanfor dei retningsliner, planar og rammer som er fastsett i kommunestyret.
- Inngå avtalar og kontraktar for kommunen sine bygg og anlegg innanfor dei retningsliner som er fastsett i lov og forskrift, og etter vedtekne planar, retningsliner og rammer som er fastsett av kommunestyret.
- Gjennomføre utbyggingsprosjekt for Kinn kommune etter vedtekne planar, retningsliner og rammer.

Der ikkje anna er nemnd i tabellen under, er mynde innanfor forvalningsområdet dekka av nemnde lovverk til delegert til kommunedirektøren.

| <b>Lovverk med tilhøyrande forskrifter</b> | <b>Kan ikke delegerast</b>   |
|--|--|
| Plan- og bygningslova                      | Kommunestyret skal:<br>Vedta planstrategi, reguleringsplanar, kommuneplanar, gebyr, ekspropriasjon, og føresetnader for utbyggingsavtalar  |
| Konsesjonslova                             |  |
| Eigarseksjonslova                          |  |
| Matrikkellova                              |  |
| Lov om eiendomsregulering (matrikkellova)  |  |
| Grannelova                                 |  |
| Forureiningslova                           | Kommunestyret skal:<br>Vedta forskrifter om forureining<br><br>Plan- og miljøutvalet skal: Fastsette tvangsmulker  |
| Veglova                                    |  |
| Vegtrafikklova                             |  |
| Brann- og eksplosjonsvernlova              | Plan- og miljøutvalet skal: Fastsette lokal forskrift og gebyr for feiling og tilsyn ved fyringsanlegg og godkjenne brannordning<br><br>Vedta lokale forskrifter om meldeplikt ved store arrangement |
| Lakse- og innlandsfisklova                 |  |
| Jordlova                                   |  |
| Odelslova                                  |  |
| Skogbruklova                               |  |

| Lovverk med tilhøyrande forskrifter | Kan ikke delegerast  |
|-------------------------------------|--|
| Friluftslova                        | Plan- og samfunnsutvalet skal: T<br>reffe vedtak om å regulere eller forby ferdsel i<br>bestemte område, med samtykke fra eigaren<br>eller brukaren                |
| Viltlova                            | Plan- og samfunnsutvalet skal:<br>Vedta forskrift om minsteareal eller kvoter for<br>felling av dyr  |
| Folkehelselova                      |  |
| Hundelova                           | Kommunestyret skal:<br>Fastsette forskrift om sikring av hund ved<br>bandtvang osb<br><br>Plan- og miljøutvalet skal:<br>Fatte vedtakom unntak fra sikringsreglane |

Vass- og avløpsanleggslova

Plan- og samfunnsutvalet skal: Fastsette  
lokale forskrift for gebyr.  
  
 Gje løyve til privat vass-og avløpsanlegg

## **5 Del 5: Mynde knytt til særskilde roller i organisasjonen**

Lova knyt mynde til bestemte roller i kommuneorganisasjonen.

Kommunestyret kan gje ordførar fullmakt til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er prinsipielle.

I administrasjonen er bestemte roller, ansvar og mynde knytt til fagleg kompetanse.

Lovverket gjev slik mynde:

| Rolle   | Lovheimel                            |
|---|--------------------------------------|
| Skatteoppkrevjar  | Skattebetalingslova §48              |
| Rektor  | Opplæringslova §9-1                  |
| Skulefagleg kompetanse  | Opplæringslova §13-1                 |
| Barnevernsleiar   | Lov om barnevernstjenester § 2-1     |
| Arkivansvarleg  | Arkivlova § 12, forskrift 1193 §2-1  |
| Biblioteksjef   | Lov om folkebibliotek §5             |
| Kommunelege   | Lov om kommunal helse og omsorg §5-5 |
| Administrativ representant for barn sine interesser i plansaker | Plan- og bygningslova §3-3           |
| Verneombod  | Arbeidsmiljølova §6-3                |

Mynde til desse rollene er avgrensa til faglege avgjersler etter lova.

I alle andre samanhengar skal dei følgje den administrative tenestevegen.